DRANGEDALSPEL
Tor Homleid, hardingfele
NRK

FOTOGRAF OG UTLÅNT AV: HARALD B. KNUTSEN

Tor Homleid på Porsgrunnskappleiken 1986

FORORD

I 2017 var det hundre år sidan spelemannen Tor Homleid vart fødd. I samband med dette syntest eg det var på plass med ei eller anna form for markering. Denne plata er resultatet. Det har vore eit mål å teikne eit breitt bilete av Tor og spelet hans. Det har ikkje vore noko mål å plukke ut nokre få av dei beste kappleiksprestasjonane, men heller presentere han som ein tradisjonsberar med breitt og særmerkt repertoar frå Telemark generelt og Drangedal spesielt. Eg håper mange vil nikke attkjennande til den første delen av plata. Dette er kappleiks- og heimeopptak med mange av dei kjende slåttane i Telemarkstradisjonen. Det var desse Tor brukte i samkomer, på bygdekveldar, konsertar og ikkje minst kappleikar der han var ein trufast deltakar i over ein mannsalder. Eg har òg valt å ta med ein del slåttar i Telemarkstradisjonen som er lite brukt og/eller lite tilgjengeleg på plateinnspelingar i dag. Tor hadde ingen systematisk opplæring, det var ingen sterke tradisjonsband i Drangedal og han var såleis ikkje bunde til nokon bestemt tradisjonsline. Her er slåttar frå heile Telemark etter både Myllarguten, Fykerud og Gibøen. Her er komposisjonar av Johannes Dahle. Her er typiske enkle danseslåttar frå Bø og Seljord, men òg rikt utbygde kappleikksslåttar etter fleire av hans store førebilete: Eilev Smedal, Gjermund Haugen, Eivind Mo, Kristiane Lund, Anund Roheim med fleire.

Siste del av plata håper og trur eg vil overraske mange. Her står Tor fram som komponist av eigne slåttar og som tradisjonsberar for særmerkte Drangedalsslåttar. Dette er materiale som Tor knapt brukte offentleg. Dette er slåttar som Tor høyrde av far sin og eldre spelemenn i Tørdal då han vaks opp. I mange tilfelle er Tor einaste kjelde som har spela inn desse slåttane i arkivet. Noko av dette er runddans som yngre spelemenn har tatt i bruk og no sirkulerer i folkemusikkmiljøet. Få veit truleg at Tor er kjelda. Andre slåttar er så vidt eg kjenner ikkje lenger i bruk og eg har eit håp om at denne plata kan få nokon til å taka dei opp att.

Med rett under åtti minutt og 39 spor er grensa nådd for kor mykje musikk ein kan få inn på ei CD-plate. Slik sett er dette ei reindyrka dokumentasjonsplate. Dette er ikkje eit produkt som skal gje lyttaren ei «konsertoppleving» som kan spelast samanhengande av frå A til Å. Her ofrast noko av det forfina, polerte og avgrensa utvalet for mengde, mangfald og særpreg. Det betyr ikkje at det manglar storspel på plata, for Tor Homleid held jamt over godt nivå, men i mange høve har ein ikkje kunne velje og vrake i opptak, og då har eg i dei fleste tilfelle tatt med opptaket likevel. Her er difor både Tor Homleid i kjempeform og Tor tydleg nervøs på kappleikscena. Her er Tor i livets vår og livets haust. Her er Tor med fela sliten etter ein arbeidsdag i skogen, og her er Tor som spelar slåttar han ikkje har brukt på 20, 30 eller 40 år!

Eg håper plata teiknar eit godt bilete av Tor slik folk hugsar han, og at denne plata vil vere til kveik og inspirasjon for framtidige spelemenn i Drangedal, Telemark og Noreg. Kos dykk med Drangedalspel!

Anders Lunden Herfoss

DRANGEDALSPEL

Drangedal i nedre Telemark ligg i eit interessant område folkemusikalsk. Her møtast Telemark- og Agdertradisjonen. Dei gamle spelemennene i Drangedal spela vanleg fele og hardingfela ser ikkje ut til å ha kome i bruk her før på slutten av 1800-talet. Det lokale repertoaret var i stor grad gammaldans, særleg vals og polka (i dette tilfellet, og som dykk vil høyre på plata, ein gamal reinlendertype). Den korte vegen til kysten og meir urbane strøk førde til at impulsane frå byen og kontinentet var sterke, og gjorde sitt til at nye dansetyper slo seg ned relativt tidleg i Drangedal. Dette eit fellestrekk med folkemusikken på Agderkysten og skogbygdene innanfor, men ulikt den sentrale Telemarkstradisjonen, der dei gamle bygdedansane, springar og gangar, stod sterkare og heldt seg lengre. Men dei dansa bygdedans i Drangedal òg. Den lokale springaren var raskare enn dei fleste springarvariantar i Telemark, og mykje i slekt med springartyper i Agder. Samstundes hadde spelet ein alderdommeleg tonalitet (noko som til dels òg gjeld gammaldansen), og takt og rytme hadde mykje felles med resten av Telemark.



ALLE UTLÅNT AV: FOLKEMUSIKKSENTERET I BUSKERUD

Tor T. Lone FOTOGRAF: Ø.O. KAASA, SELJORD



Halvor Tremyr FOTOGRAF: BJARNE BRATÅS

Thomas Stiansen Tveit FOTOGRAF: BJARNE BRATÅS

STENDERSPELEMENN I DRANGEDAL

Fram til durspel og seinare trekkspel gjorde sitt inntog frå slutten av 1800-talet, og for alvor utover 1900-talet, var fela framleis det mest brukte instrumentet til dansespel. Det var likevel ikkje fritt fram for kven som ville å spele i samkomer med dans. Fram til ca. 1800 var slike oppdrag underlagt kongelege privilegium, og det var utdanna musikarar som hadde einerett på å spela i ulike distrikt. Det var derimot ikkje uvanleg at desse rettane vart tildelt lokale spelemenn, såkalla stenderspelemenn, mot godgjersle. I bygdeboka «Drangedal med Tørdal» av Olav Sannes blir det rekna opp fleire spelemenn innan denne ordninga, og etter namn å døme må ein tru at ein del av desse er lokale, mens andre meir truleg har kome frå byen på spele-oppdrag. Dei tidlegast nemnte er Per Arveson og Søren Andersson som fekk brev for å spele i Drangedal, Tørdal, Sannidal og Bamble. Vidare kjem Jørgen Sparre som stemna ein lokal spelemann, Tormod Traae, for retten for å ha spela i eit bryllaup i Bø i Tørdal i 1740. Etter Sparre overtok Henrik Meyer, Nils Nilsson og Kristen Borlund. Det er ikkje klart om dette var lokale eller tilreisande spelemenn. Så kjem nokre spelemenn med typiske Drangedalsnamn: Abraham Aakre/Setre, Torkjell Skartveit, Lars Langen, Per Jørgensen Ytterbø. Dette var nok lokale spelemenn som tidvis fekk rett til å drive med dansespel. Etter Borlund vert nevnt Musikant Høeg frå Kristiania, Kristen Terkelson, Abraham Knutsson og Jon Kristenson. Musikkprivilegiene ser ut til å ha forsvunne i Drangedal frå 1780-åra, skriv Sannes.

TØRDAL

Den første namngjetne spelemannen i Drangedal etter 1800 var Hans Torson Homleid frå Tørdal, i nyare tid har han vore kalla Gamle-Hans Homleid (1814–1877), og frå denne slekta kom det mange spelemenn, inkludert utøvaren på denne plata. Gamle-Hans hadde ein bror, Tor Torson Homleid (1833–1910), han flytta til Buhaugen Lone og tok navnet Tor T. Lone. Han er ein av dei eldste spelemenn det finns opptak av i landet, kanskje den eldste på vanleg fele. Gamle-Hans hadde òg ein son som var spelemann, Jon (1849–1941), han flytte til Løite og tok det namnet. Ei syster av Gamle-Hans var Aaste Karine (1836–1871) og ho vart verande på Homleid og dotter hennar, Signe (1862–1916), var mor til spelemannen Martinius Jansen (1890–1958). Ein annan bror av Gamle-Hans var Nils (1817–1885), han var far til Asborg (f. 1845), ho mor til spelemann Hans Torsteinson Homleid (1877–1956) og han far til Tor Homleid på denne plata. Det var og er elles fleire spelemenn i denne slekta.

Elles i Tørdal øvst i Drangedal var det fleire gode spelemenn som kan nemnast Tor Hagen/Stigen (1841–1923), Nils Brusli (1853–1912), Olav Gjelstad (1867–1937), Hans Kvernes (1892–1980), Halvor Tremyr (1895–1980) og fleire. Son til Tor Hagen, Knut Andreas, var òg spelemann, han reiste til Amerika der han tok namnet Andrew K. Thompson (1964–1947). Til Amerika reiste òg sonen til Nils Brusli, Olav (f. 1877), han skulle òg vore spelemann. To av døtrene til Nils Brusli vart gift med kvar sin bror i Drangedal. Aslaug (1887–1948) vart gift med Gunleik H. Vøllestad (1885–1970) som òg var spelemann, mens Marie (1889–1981) vart gift med Olav H. Vøllestad (1895–1950). Marie spela elles seljefløyte, munnspel og gitar, og var ei viktig kjelde for vokal folkemusikk i Drangedal. Ho tralla òg slåttar etter far sin. Ein særeigen springar etter Nils Brusli er spela inn i arkivet med Halvor Tremyr og seinare på plate med Ånon Egeland (f. 1954).

KJOSEN

I Kjosen i austre Drangedal var òg fleire gode spelemenn. Ein av dei aller beste skulle vore Jørgen (Jørn) Bjørkholt (1831–1910). Han hadde lært spel i Holla av ein spelemann kalla Tor Striken (1803–1890), og var òg saman med Hans (f. 1786) og sonen Andreas (Anders) Fiskestigen (f. 1821). Gamle-Hans Homleid var òg i kontakt med Fiskestigane, og generelt var det mykje kommunikasjon over heia frå Tørdal over til Kjosen og vidare over heia til Lunde og Holla. Felles for alle desse var at dei bruka vanleg fele. Fela til Jørgen var spesielt kjent, denne hadde han kjøpt av ein omreisande fant, Petter Allting (muligens Petter Strømsing?), og fela vart kalla Hermanspurnad. Dei seier at når Jørgen spela på eit bryllaup på Solberg kunne dei høyre fela hans over Tokevatnet og heilt til Prestestranna, ein avstand fleire kilometer i luftline! Bjørkholt er ein gamal husmannsplass under Østre Tveit i Kjosen og den siste som lærde av Jørgen var Thomas Stiansen Tveit (1883–1969) som vaks opp like ved. Fleire slåttar etter Jørgen er spela inn av Thomas i arkiva. Thomas var ein flink spelemann, han deltok knapt på kappleik, men var mykje bruka som kappleiksdommar. Ei flott Gunnar Helland -fele er i slekta etter han. Den fela fekk gullmedalje på utstilling i Paris.

DRANGEDAL

Frå Drangedal og utover var òg spelemenn. Ein av dei tidlegaste ein veit om er Knut Sørensen Bjørkset (f. 1777). Meir kjent vart sonen hans Stian K. Voje (1820–1899), eller Stian Knatten som han vart kalla. Knatten var ein husmannsplass under Voje. Stian var mykje aktiv frå midten av 1800-talet og spela ofte saman eller skiftevis med Jørgen Bjørkholt i bryllaup. Sonen hans Per Knatten (f. 1860) var òg spelemann. Begge reiste til Amerika, Stian i 1888 og Per i 1895. Ein spelemann som var aktiv noko seinare var Tellef Dukefoss (1846–1930). Han var elles dampskipførar på «Tokedølen» og «Turist» ,dei store båtane som transporterte folk og varer på Tokevatnet. Første del

FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Martinius Jansen

Spelemenn i Kroken. Frå venstre: Johan Oskarsen Rosland, Lars Eikhaugen, Anders Sørter, Olav Aakre og Gunnar Brødsjø.

av 1900-talet var Martinius Jansen (1890–1958) den fremste i Drangedal. På slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet var det mange storspelemenn som reiste rundt i både Noreg og Amerika på spelferd og heldt konsertar. Martinius vart truleg inspirert til å ta opp felespelet i denne «konserttida», han hadde elles fleire spelemenn i morslekta frå Homleid. Han kom inn i kappleiksmiljøet og hevda seg bra på kappleikar på 20- og 30-talet. Martinus spela typiske kappleikssláttar på ein roleg og lyrisk måte, det var musikk å lyde på meir enn å danse til. Han spela òg gammaldans og tonestykke, noko komponerte han òg sjølv. Martinius var elles ein allsidig kar med god teknisk utdanning og var i unge år rundt på arbeid i heile landet i samband med kraftutbygging. I 20-åra slo han seg ned i Drangedal for godt og bygde huset «Fjellheim» i Prestestranna. Huset var kombinert heim og pensjonat. Han hadde mykje kontakt med fleire storspelemenn. Han besøkte Sjur Helgeland på Voss, og hadde mellom anna Eivind Mo og Gunnulf Borgen på besøk i Drangedal. Gunnulf var innlosjert på pensjonatet ei veke i året i fleire år på rad. Då var det nok slåttespel på programmet.

KROKEN

I Kroken i ytre Drangedal var det spelemannsmiljø første halvdel av 1900-talet. Ein viktig faktor var nok at Per Bråtane (1874–1948), ein god felemakar, budde der. Dei fremste og mest aktive spelemennene i Kroken var Gunnar Brødsjø (1888–1969) og Anders Sørter (1886–1972). På eit bilete ser me eit heilt «spelemannslag» i samspel og forutan dei nemnde er Olav Aakre (1887–1980), Lars Eikhaugen (1882–1964), Oskar Rosland (1882–1962). Av eldre spelemenn er få kjente, men det budde ein spelemann og skomaker på Ørbu og seinare Åsen ved Neslandsvatnet. Han vart kalla Truls på Ørbu og seinare Truls Åsen (f. ca 1842), sonen hans Truls Trulsen (f. 1873) skal òg ha vore spelemann. Slekta skulle vore frå Krødsherad og Anders Sørter har spela inn ein brure-marsj frå Krødsherad etter Truls. Elles la Gunnar Brødsjø og Anders Sørter seg til eit meir typisk Telemarksrepotoar enn lokalt Drangedalsreportoar. Dei var på ymse spelkurs rundt i fylket. Då det skulle være dansekurs for å friske oppatt den gamle Drangedalsspringaren meinte instruktøren at spelemennene spela alt for seint når dei ikkje bruka dei gamle Drangedalssláttane.

SPELEMANNEN TOR HOMLEID (1917–2002)

Tor Magnus Hansson Homleid var fødd 28. april 1917 og vaks opp på garden Homleid i Tørdal i ein stor søskenflokk. Homleid ligg i Østredalen som svingar seg over heia og ned til Fjågesund i Kviteseid. Far til Tor, Hans T. Homleid, var bygdespelemann og på stoveveggen hang fela hans. Det var rift blant syskena om å få spele på denne, så Tor måtte lage seg eiga fele av vedtre og ein kvist til boge for å få utløp for spelhugen. Etter kvart vart det likevel berre Tor som heldt fram som spelemann. Då Tor vaks opp var det enno fleire eldre felespelemenn i Tørdal.

Dei første slåttane lærde han av far sin og andre eldre bygdespelemenn i Tørdal. Sidan vart søskenbarnet Martinius Jansen i Drangedal ein viktig inspirasjonskjelde. Martinius var på sitt beste og mest aktive i 20- og 30- åra, dei same åra Tor byrja med felespel, og ein må tru at Martinius var eit førebilete for den unge Tor. Tor gav sjølv opp Martinius som kjelde for fleire av slåttane sine og det var nok av Martinius han vart inspirert til å delta på kappleikar.

KAPPLEIKSPELEMANN

Det tok ein del år før han våga seg frampå kappleikscena. Første kappleiken skulle vore i Edland i 1950. Tor var svært nervøs då, han hadde fått låne den gode fela til Gunnar Brødsjø, men vart likevel sist i klassa og sa til seg sjølv etterpå at dette var første og siste gongen. Men slik vart det ikkje og allereie året etter våga han seg frampå att i Seljord. Tor likte seg i kappleiksmiljøet og det skulle bli mange kappleikar etterkvart. Tor forstod ganske raskt at om han skulle hevde seg på kappleiksscena måtte han strekke seg etter dei svære telemarksslåttane, og ein må tru at 50- og 60-åra var ein periode han utvikla seg mykje og lærde meir spel. På 60-talet budde òg Kristiane Lund ei veke på Homleid for å lære vekk slåttar til Tor. Han besøkte òg Johannes Dahle i Tinn og Jens Amundsen i Bø, men han hevda sjølv at nokon systematisk spelopplæring over tid fekk han aldri. Det var å plukke opp etter grammofonplater, folkemusikkhalvtimen i radioen og ikkje minst på gehør etter alle han møtte og høyrde i kappleiksmiljøet. Forutan dei nemnte stod spelemenn som Eilev Smedal, Eivind Mo, Gjermund Haugen, Anund Roheim, Bjarne Herrefoss, Hauk Buen og Løndalsbrørne høgt i kurs. Desse hadde han mykje respekt for og desse plukka han opp slåttar etter. Ein kan vel hevde at kappleiksmiljøet i seg sjølv vart ein eigen spelemannskule for Tor.

På kappleikane dei første åra låg han eit stykke nedpå listene, men mot slutten av 50-talet gjekk det betre, og på ein kappleik i Fyresdal i 1957 fekk han fyrstepremiegrad. Eit gjennombrot kom på landskappleiken på Voss 1960 der han fekk fyrstepremie i B-klassa og spela seg opp i A-klassa. Frå då var Tor ein ganske hyppig kappleiksdeltakar rundt om på lokalkappleikar i Telemark og Agder, og ein og annan landskappleik. Særleg på Porsgrunnskappleiken var han fast deltakar frå starten i 1961 og gjennom det meste av 70- og 80-talet. Tor var òg blant dei første som fekk «Spelemannsprisen» i 1974. Dette var ein pris stifta av spelemannslaget Vårlengt for å heidre utøvarar som hadde bidrege trufast på Folkemusikkdagane i Porsgrunn gjennom fleire år. Dei andre som fekk prisen det året var Olav, Kjetil og Einar Løndal,

FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: TELEMARK FOLKEMUSIKKARKIV

FOTOGRAF: JENS A. MYRO UTLÅNT AV: HARALD B. KNUTSEN

Tor Homleid let på fela i stova på Øvre Mo, Rauland

ALLE: FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Tor Homleid

Tor Homleid

Tor Homleid (fele) og Aasulv Vrålstad (gitar)

Tor Homleid på elgjakt

FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Hauk Buen, Bjarne Herrefoss, Olav Øyaland, Eilef Ellefsen og Knut Ufs.

Dei åra Tor var på sitt beste var det beinhard konkurranse i A-klassa frå Løndalsbrørne, Hauk Buen, Jens Amundsen, Torbjørg Aas Gravalid, Bjarne Herrefoss, Odd Bakkerud, Otto Furholt med fleire. Tor var stadig på førstepremielista om ikkje heilt i toppen, men på ein kappleik i Tovdal i 1970 gjekk han heilt til topps, og det var stor stas for både publikum, deltakarar og ikkje minst Tor sjølv. Tor var elles mykje aktiv på kappleikar i Agder, meir enn Telemarkspelemenn flest. Tor hadde og har framleis ei høg stjerne blant eldre spelemenn i Agder. På kappleikane fekk han ofte skyss med kameraten Kåre Solheim. Han var spelemann og lensmann, fødd i Gjerstad i Aust-Agder, men jobba i politiet i Drangedal og seinare Seljord. Han var sjeldan deltakar, men mykje bruka som domar. På kappleikar innlosjerte Tor seg ofte privat hjå spelemannsvener og dei hadde Tor mange av over heile landet.

Frå 1977 deltok Tor i D-klassa (klassa for utøvarar over 60 år), han vann denne i spel på landskappleiken heile tre gonger i Kristiansand i 1980, Hamar 1982 og Odda 1984. I 1994 deltok han òg for første gong i dans på kappleik og vann likegodt D-klassa på landskappleiken på Rauland. Tor var ein god dansar og i høve dans var han oftare å sjå på dansegolvet enn på spelemannstolen. Tor har sjølv sagt at han spela lite til dans, dette ber òg spelet preg av, det er roleg og dårikt, dette er musikk å lyde på først og fremst. Likevel må ein meine at når Tor spelar det lokale repertoaret og meir typiske danseslåttar kjem òg eggjande rytme og dansetakt fram. Det kan tyde på at Tor var meir aktiv dansespelemann i yngre år. Siste landskappleiken var på Ål i 1997. Då hadde Tor delteke på godt over 100 kappleikar sidan 1950.

KONSERTOPPDRAG OG OPPLÆRING

Som konsertutøvar var Tor mindre aktiv, men i Telemark vart han bruka på ymse lagskveldar og bygdekveldar, då særleg i heimbygda. Men i 1989 drog Tor og Bjarne Herrefoss som spelemenn med 40 dansarar frå Gjerpen ungdomslag på turné i USA. Det var 14 konsertar på to veker for det meste i Nord-Dakota. Det var dugeleg varmt den gongen, ein dag 41 grader i skyggen, men dei to spelemannsvenene hadde vore ute ein sumardag før og sytte for å ha nok «forfriskningar». «Dei gjette oss fælt med drammane, men det va no i gronn eg og Bjarne som klarte oss best», sa Tor med glimt i auga. Tor var elles å høyre i folkemusikkhalvtimen på radio og to gonger vart det laga eigne program med han. Slåttar frå desse to sendingane, ei på 60-talet og ei på 80-talet er med på denne plata.

Tor var aktiv med opplæring i nemnda for opplæring og rekruttering i Telemark, særleg på 70-talet. Dette var eit opplæringstilbod som kom i gang før ein fekk kulturskular med hardingfelespel. Tor hadde då fleire elevar i nedre Telemark. Det var elles både gamle og unge innom for å lære slåttar på Homleid.

LIVET ELLES

I det daglege var Tor bonde og tømrar. Tømraryrket lærde han av far sin. Som bonde i Drangedal var skogen ein viktig del av inntekta og han hadde mange timar i skogen som tømmerhoggar og elgjeger. Han dreiv òg med trearbeid og deltok på fleire kurs. Han var i det heile ein svært dyktig handverkar og han har mykje av æra for flytting og attreising av gamle lafta hus på Drangedal bygdetun. For dette arbeidet og folkemusikken fekk Tor Drangedal kommunes kulturpris i 1979.

Tor vart gift med Torgunn f. Øvretveit (1922–1983). Dei fekk fire born. Helmer (f. 1942), Ingebjørg (1946–2017), Arvid (f. 1950) og Marit (f. 1960). Marit var den einaste som tok opp felespel, men slutta når ho stifta familie. Helmer, Arvid og Marit er alle gode utøvarar på torader.

På sine gamle dagar var Tor aktiv i Fossegrimen folkemusikklag med base i Langesund. Her møtest folkemusikkinteresserte frå Grenland og nedre-Telemark elles. I dette miljøet var òg Leiv Neset aktiv og Tor lærde nokre slåttar av han. Tor vart elles heidersmedlem i Fossegrimen folkemusikklag.

Helsa til Tor skranta etterkvart, men han budde heime og var klar til det siste. 26. juli 2002 la han ned bogen for godt.

Kjelder:

Dans og soger til Tuddalstonar (Knut Buen)
Dei fine tonane (Olav Bøe)
Drangedal med Tørdal (Olav Sannes)
Fjøllmanngjenta (Johan Vaa (red.))
Flatland-spelet – arven etter Myllarguten (Asbjørn Storesund)
Høyrer du Tårån (Asbjørn Storesund)
Som gofa spølå (Knut Buen)
Spelemannslaget Bøheringen 1934–2009 (Asbjørn Storesund)
Spelemannslaget Vårlengt 1960–2010 (Yngvar Skobba)
Slektsregister for Drangedal, bind 1–5 (Bjørn Edwin Holte)
Takt og Tonar (Anne Svånaug Haugan)
Telemark Ungdomslag 1895–1970 (Dukane, Jysereid, Øverland)
Ymse artiklar frå Spelemannsbladet, Vestmar, Varden, Ta, Agderposten og årbok for Telemark
Ymse notat frå Bjarne Bratås, tilgjengeleg på Telemark folkemusikkariv

SLÅTTEOMTALE

01. **Fossegrimen**
Velkjent gangar frå Telemark i mange former. Forma her er etter Martinius Jansen (1890–1958). Tor og Martinius var syskenborn og Tor lærde mange slåttar av Martinius i unge år. Dette reknast som Myllarslått, men både Myllarguten og Håvard Gibøen hadde slåtten i kvar si form. Forma her ligg nærmast Gibøen. Martinius si kjelde for Gibøspel var Knut Dahle via Gunnulf Borgen, men han kan òg vore inspirert av plateinnspelingar med Eilev Smedal (1889–1938) eller Torkjell Haugerud (1876–1954).

02. **Kvenneslåtten**
Springar etter Myllarguten (ca. 1801–1872). Knut Dahle (1834–1921) hadde slåtten etter Håvard Gibøen (1809–1873) og hadde ikkje namn på den, og den vart berre kalla «Knut Dahles nr. 1». Ei litt anna form i Bø vart av Flatlandane kalla «Sagafossen frå Bø». Det skal ha vore Sjur Helgeland som sette namnet «Kvednaslåtten» på den, dette vart «Kvenneslåtten» i Telemark. Helgeland hadde slåtten etter Torgeir Torgeirson (1851–1923), son av Myllarguten. Opptaket her er får Landskappleiken på Voss i 1960 då Tor spela seg opp i A-klassa. Dette er det eldste kappleiksopptaket eg veit om med Tor.

03. **Naparen**
Springar med namn etter spelemannen Olav Napper (1833–1903) frå Fyresdal. Han hadde spel etter Petter Veum (1811–1889) og Myllarguten. Nokre kjelder knyttar denne slåtten til Lars Fykerud (1860–1902). Slåtten har element ein finn att i «Apalhaugen» og «Vegglijenta». Sistnemnde skal vere laga av Pål Løyntnantsdreng (1786–1867) i Numedal. Truleg har slåtten opphav der og vorte forma ut til Naparen i Telemark.

04. **Langåkeren**
Nok ein gangar i form etter Martinius Jansen. Denne finst òg på opptak med Martinius. Slåtten kom truleg til Telemark med Knut Lurås (1782–1843) som hadde lært den av Harald Langåker (1768–1938), eller ein av sønene hans, frå Nes i Hallingdal. Ei meir utbygd form i Telemark vert kalla «Neshaugen» etter ein stad nær Gibøen ved Møsstrond. Slåtten Langåkeren er ikkje kjent i Hallingdal i dag, men slåtten har òg slektskap med gangaren «Gudvangen» som elles er nærskyld Hallingdalslåttane «Bråta-Per 2» og «Jon med Hiten».

05. **Ruske-Sara**
Springar som truleg er satt saman av Lars Fykerud. Han var meister i å flette saman gamle vek og slåttar til noko større. «Den skal bli god den slåtten der når eg får stelt litt på den», pla han å seia. Fykerudslåttane reknast som ei heilt særeigen tradisjonline i Telespelet. Denne slåtten hadde Tor truleg etter Johannes Dahle (1890–1980) frå Tinn.

06. **Fykerudgangar**
Endå ein slått etter Lars Fykerud. Denne har òg vore kalla «Gregar Nordbøs minne». Dette er den slåtten Tor har spela inn flest gonger i arkivet og må reknast som ein av hans favorittslåttar. Han bruka den mykje på kappleik frå yngre år til det aller siste. Fykerudslåttane var gjeve for Tor og han hadde dei fleste på repertoaret – «Vårlengt», «Duft», «Nonsnatten» m.fl.

07. **Bylesoparen**
Springar frå Bø. Ei byle er ein oppbevaringsboks for mjøl, og ein bylesopar er vel ein som sopar denne byla det då.

08. **Fossheimen**
Slåtten er etter Eilev Smedal og spela inn av både Torkjell Haugerud og Eivind Mo. Fossheimen skulle vore ein spelemann eller dansar frå Åmotsdal. Dei meiner slåtten var ute av bruk i Telemark og at Eilev Smedal lærde den i Amerika og tok den med tilbake til Noreg.

09. **Bægjuven**
Springar på låg bas. Namn etter Olav Bægjuv (f. 1830) frå Seljord. Han reiste til Amerika. Bægjuv var ein plass under Austgarden ved Flatdal kyrkje. «Det e fælt te kar te spela den Bægjuven, du» ,hermar dei etter Myllarguten. Bægjuven var elles i slekt med spelemann og sogemannen Olav Tjønnstaul (1848–1910), far til spelemann Jørgen Tjønnstaul (1894–1985). Slåtten er òg kjent som Fossheimen, med same namneopphav som gangaren på førre spor. Både Knut og Bjørn Fossheim er nemnt, men opplysingar om desse er ikkje kjent.

10. **Hovdestaden**
Rett namn skal eigentleg vere Huvestaden, etter spelemannen Aslak Huvestad (1846–1897) frå Dalen. Namnet Hovdestaden er etter Øystein Hovdestad (1846–1926) ei viktig slåttekjelde for Myllarspel i Vinje. Det var særleg Olav Groven (1895–1929) frå Lårdal som gjorde denne kjent. Tor Homleid hadde slåtten etter Eivind Mo (1904–1995).

11. **Oterholtfossen**
Oterholtfossen er den største fossen i Bøelva og det skulle vore Torkjell Haugerud og Olav Nordbø (1889–1973) som sette dette namnet på slåtten. Det gamle namnet skulle vore «Sevlen» som nokon meiner Lars Fykerud forma ut. Tor har truleg slåtten etter Kristiane Lund (1889–1976) som hadde den etter Halvor Flatland (1853–1929). Slåtteform finns òg i tradisjon i Tinn etter Gamle Hans Fykerud (f. 1823) og er der kalla «Brynjulf Roe». Jørgen Tjønnstaul kalla slåtten «Tullar-Sissel».

FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Tor Homleid, Gunnar Brødsjø og Kåre Solheim

12. **Gregar Kåsins minne**
Slått etter Gregar Kåsin (1856–1948) frå Bø. Han var i si tid den fremste dansespelemannen i Bøherad, han kunne spele til dans, røyke pipe og snakke med sidemannen samstundes. Denne slåtten bruka Gregar mykje og det var Jens Amundsen (1921–1987) som sette namnet på den. Denne slåtten lærde Tor direkte av Jens.

13. **Sandsdalsgangaren**
Ein slått med namn etter Leif Sandsdalen (1825–1896) frå Seljord. Han var son av Øystein Langedrag (1785–1848) ein av læremeistrane til Myllarguten. Øystein att skulle ha spel etter mellom andre Gunnar Grjotnes (1748–1826) i Fjågesund. Dette er ein slått Tor bruka mykje på kappleik.

14. **Bøheringen**
Tor var veldig glad i Bøheringspelet og var mykje i kontakt med Kristiane Lund, Jens Amundsen og andre spelemenn frå Bø. Denne slåtten vert òg kalla «Den galne Bøheringen» sidan namnet «Bøheringen» òg er om ein annan slått, den som i dag helst vert kalla «Flatlandsspringaren». Det var Torkjell Haugerud som først tok i bruk namnet «Bøheringen» for, som han sa «det får vere nok med Bøheringen, om han ikkje skal vere galen au!» Torkjell Haugerud hadde elles slåtten etter Sveinung Haukom (1829–1909) i Kviteseid, som hadde slåtten etter Aslak Gotuholt (1814–1895) halvbror sin, men Haugerud hadde òg høyrt slåtten med Halvor Flatland. Haugerud meinte at slåtten opphaveleg gjekk tilbake til Øystein Langedrag.

15. **Gangar etter Myllarguten**
Denne slåtten er òg kjent som «Den gamle Sevliden». Det namnet viser til avrettinga av Ole Sevle (1806–1834) frå Numedal. Sevlen har vore skrive på ymse vis, Sevlen, Sevlin, Sevlien, Sevliden. Denne slåtten skal vere den eldste knytt til Sevle-hendinga, og har heilt sikkert har opphav i Numedal. Halvor Løyntnantdreng (1789–1845) skal ha spela den medan Sevleguten dansa med fangejern på beina. Ei anna kjelde vil ha det til at Knut Lurås òg spela denne for Sevleguten. Slåtten kom i alle høve til Telemark, der den er forma ut på mange vis. Det er elles fleire slåttar knytt til Sevle-namnet. Den velkjente hallingen skal vere forma ut i konserttida på slutten av 1800-talet. Ein variant av springaren Oterholtfossen er òg kalla Sevlen.

16. **Rakstejenta**
Dette er ein slått laga av Johannes Dahle frå Tinn. Rakstejenta var Elna Odden frå Atrå. Ho var hjalp Johannes med å rake høy under krigen. Elna og mannen, Øystein, skulle feire 25-års bryllaupsdag og då sa Elna til Johannes: «Du kan væl lågå te ein lått om då e va her o reiv tindan oto riva so du måtte halde på tinde uppatt», og slik vart det.

17. **Stordalsnibba**
Slått av Johannes Dahle som Tor lærde av Jens Amundsen. Stordalsnibba er ein fjelltopp vest i Tinn i nærleiken av Møsstrond. Johannes henta ofte inspirasjon frå naturen når han laga slåttar. Han var ein framifrå spelemann og må reknast som ein av dei fremste slåttekomponistane gjennom tidene.

18. **Traskjen**
Var tilnamn på spelemann Olav Napper frå Fyresdal. Dette tilnamnet skulle ligge til fleire i slekta fordi dei var stuttvaksne og gjekk noko uvanleg.

19. **Falkeriset**
Velkjent teleslått i tradisjon etter Håvard Gibøen. Falkeriset er ein fjelltopp mellom Møsstrond og Rauland. Namnet kjem av at nederlandske falkefangarar, falkonerar, dreiv falkefangst der frå 1500-talet og fram til 1700-talet.

20. **Frå morgon til kveld**
Velkjent teleslått og namnet skal kome av at Torkjell Haugerud og Knut Dahle spela denne slåtten saman ein heil dag. Det var Torkjell som foreslo at den burde heitte «Frå morgon til kveld».

21. **Jenta under Gaustafjell**
Slått i Gibøtradisjon. Slåtten er òg kjent under namn som «Langefonnjenta», «Helena Bø» og «Lurlått». Langefonnjenta skulle vere Åste Håve som vart truga av røvarar, men fekk varsla kjærasten med luren sin. Helena Bø er eit knytt til eit liknande segn om Helena som sat på stulen under Gausta. Ho vart truga av røvarar, men fekk varsla kjærasten. Han redda henne, men vart sjølv drepen. Helena sørgde all sin dag og spela vemodige lurtonar som skal vere utgangspunkt for slåtten.

22. **Agerhusen**
Springar frå Tuddal. Denne slåtten høyrde Tor først med Gjermund Haugen (1914–1976), og bestefar til Gjermund, Jon G. Stuvrud (f. 1850) var frå Tuddal og bror til spelemannen Ola G. Agerhus (f. 1848) som var kalla «Agerhusen».

23. **Springar etter Hans Homleid**
Dette er ein gamal springar bruka i Drangedal, den kan minne noko om andre teleslåttar mellom anna «Agerhusen» i sporet før. Drangedalspringaren har eigne turar og gjekk frå gamalt i eit litt raskare tempo enn telespringar elles i fylket.

24. **Bruremarsj frå Tørdal**
Denne slåtten er etter Tor Torson Lone (1833–1910) frå Tørdal. Tor Lone spela inn nokre slåttar på voksrull, truleg i 1906, blant anna denne bruremarsjen. Denne var gått ut av bruk då Tor Homleid vaks opp, men Tor lærde slåtten etter opptaket.

25. **Tor Homleids minne**
Denne springaren på trollstillt (AEAC#) har Tor laga sjølv, han er tydeleg inspirert av tonestoffet i «Kivlemøyane», denne slåttesyklusen går attende til mellom andre Gunnar Grjotnes i Kviteseid. Gunnar Grjotnes var tipp-tipp oldefar til Tor på morsida. Slåtten er namnlaus, men eg har vore så fri å kalle den «Tor Homleids minne»

26. **Huldrevalsen**
Vals på trollstillt laga av Tor. Her kjem den lyriske åra i spelet til Tor godt fram. Denne og «Tor Homleids minne» laga Tor i 1966.

27. **Lengt**
Endå ein vals laga av Tor.

28. **Jon Løites polka**
I Drangedal er det gamle omgrepet for reinlender polka. Denne skilde seg noko frå meir moderne reinlender ved at danseparet heldt omkring kvarandre heile dansen. Noko som framleis blir praktisert i ymse distrikt, og omgrepet polka om reinlender har òg vore nytta elles, mellom anna i Numedal og Agder. Jon laga denne polkaen, i nyare tid har det vore satt til eit slåttestev, «Adam uti Paradis». Slåtten er spela inn på plate av både Ragnhild Furholt, Ånon Egeland og gruppa Drangr.

29. **Vals etter Jon Løite**
Jon Løite var den fremste spelemannen i Tørdal siste del av 1800-talet
og innpå 1900-talet, han var son av Gamle-Hans Homleid og nevø av Tor T. Lone. Jon var så oppslukt av spel at han kunne stå opp midt på natta for å spele. Som dei andre eldre spelemennene i Tørdal bruka Jon vanleg fele. Tor Homleid forteller at han hugsar så vidt han spela, men far til
Tor lærde mange slåttar av Jon. Slåtten er tidlegare spela inn på plata «Sorpesoll» med Ånon Egeland og Mikael Marin.

30. **Gamal polka**
Denne polkaen er blitt ein slager langt utanfor Noregs grenser mykje takka være Ånon Egeland som har den etter Tor. Det svenske folkemusikkbandet «Harv» spela den inn med namnet «Ånonschottis» og det namnet har til dels festa seg i miljøet. Mange felespelemenn har denne
på repotoraret både i Skandinavia og USA. Mellom anna brukar det amerikanske old-time bandet «Foghorn stringband» slåtten ein del på konsertar.

31. **Vals etter Kalle Fant**
Denne valsen meinte Tor kunne vere etter Kalle Fant. Her tenker han nok på Fant-Karl eller Karl Fant som reiste rundt i heile Sør-Noreg på slutten av 1700-talet og innpå 1800-talet. Personen er noko mytisk i folkemusikksoga, det kan òg dreie seg om fleire personar, men mykje tyder på at det er spelemannen og tateren Karl Johansen Rosenberg (ca. 1775–1855)

FOTOGRAF: BJARNE BRATÅS. UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Olav K. Bratås, Torgunn og Tor Homleid.
Olav var rosemålar og spelemann frå Numedal.
Her har han måla interiør heime hjå Tor.

FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Halvor Reiersdal

FOTOGRAF: EILERT KVERNES

Kappleik i Vinje. Frå venstre: Tor Homleid, Bjarne Herrefoss, Jens Amundsen, Jørgen Tjønnstaul, Leiv Neset, Signe Flatin Neset og Einar Løndal. Framme: Alf Tveit.

OM OPPTAKA:

NRK ved Rolf Myklebust (produsent):
Spor 01, 09-11, 14-15, 19 og 21: 04.02.1969, Studio Oslo.
Spor 02: Landskappleiken 1960, Voss.
Spor 07: 21.08.1971, Folkemusikkdagane i Porsgrunn.
Spor 08: 22.06.1963, kappleik på Notodden.
Spor 13: 27.08.1966, Folkemusikkdagane i Porsgrunn.
Spor 16: 24.08.1963, Nasjonalt stemne, Porsgrunn.
Spor 20: 22.08.1970, Distriktskappleik i Porsgrunn.

NRK ved Lisa Halvorsen (produsent) og Egil Johan Damm (teknikar):
Spor 17: 17.08.1979, Folkemusikkdagane i Porsgrunn.

NRK Telemark ved Ragnvald Skjerdal (teknikar):
Spor 03, 12 og 24: 12.04.1988, Studio.

NRK ved Leiv Solberg og Lisa Halvorsen (produsentar). Egil Johan Damm (teknikar):
Spor 22: 23.06.1988, Landskappleiken 1988, Mølla i Bø i Telemark.

Opptak ved Bjarne Bratås, utlånt frå Norsk folkemusikksamling, Nasjonalbiblioteket:
Spor 04, 05, 06, 28, 33 og 34: 29.06.1968, heime hjå Tor Homleid i Drangedal.
Spor 18, 23, 32 og 37: 24.05.1966, heime hjå Tor Homleid i Drangedal.
Spor 25 og 26: 08.01.1967, Drangedal.
Spor 30 og 35: 17.02.1966, Homleid skule, Drangedal
Spor 27, 29, 31 og 36: 11.11.1966, heime hjå Tor Homleid i Drangedal.

Folkemusikkarkivet i Telemark ved Kjell Bitustøyl:
Spor 38 og 39: 07.06.1991, heime hjå Tor Homleid i Drangedal

32. **Reinlender**
Denne slåtten er litt utypisk dei andre gamle Drangedalslåttane. Tor bruka òg nemninga reinlender om denne. Den er truleg av nyare dato. Faktisk minner den mykje om slik runddans Martinius Jansen spela. Det er ikkje usannsynleg at slåtten er etter han. Det kan òg vere Martinius som har laga slåtten.

33. **Polka frå Tørdal**
Har ikkje funne opplysingar om denne. Antakeleg har Tor slåtten etter far sin og han att etter Jon Løite.

34. **Homleidvalsen**
Ein flott vals som Tor hadde heimafrå og har spela inn mange gonger
i arkivet. Den er namnlaus, men eg synes det høver å kalle den Homleidvalsen!

35. **Skotsk etter Halvor Reiersdal**
Halvor Reiersdal (1883–1920) var spelemann frå øvst i Kjosen i austre Drangedal. Herfrå var vegen kort over skogen til Homleid der ætta kom frå. Halvor var barnebarn av Gamle-Hans Homleid og nevø av Jon Løite. Han var mykje saman med Hans T. Homleid, far til Tor så denne har nok Tor lærd av far sin då Halvor gjekk bort i ung alder i 1920.

36. **Polka etter Halvor Reiersdal**
Denne slåtten skal òg vere kjent i Numedal med mange namn som Toresenreinlender, Fykerudreinlender, reinlender etter Gunulf Kongsjorden mm. Eg har ein mistanke om at denne er kome til Drangedal med spelemannen Anders Ødegården (1871–1943) frå Numedal. Han var gift med Anne Thorine Abrahamsdotter Reiersdal (1868–1953), ho var syster til spelemannen Halvor Reiersdal, (1883–1920) som far til Tor Homleid var mykje i lag med.

37. **Springarstubb frå Tørdal**
Typisk Drangedalspringar. To vek på grovt og grant, og temmeleg raskt tempo. Det er berre to Drangedalspringarar dokumentert med Tor, men det finst fleire spela inn med mellom andre Tor. T. Lone, Thomas S. Tveit og Halvor Tremyr. Ein må tru at ein del av dette kan vere stoff etter Fiskestigane i Holla.

38. **Gamle-Erik i Sjausetbakkane**
Gangar frå Drangedal. I siste spor fortel Tor om bakgrunnen for slåtten. Det var i gamle dagar ei kyrkje ved Omnes i Vestredalen. Gamle-Erik skulle flytte denne til Bø i Tørdal. På vegen måtte han opp dei bratte Sjausetbakkane, der gjekk det tungt, men nedatt Tønbrekkbakkane til
Bø der gjekk det fortare. Tor hadde slåtten etter far sin.

THE FIDDLER TOR HOMLEID (1917–2002)

Tor Magnus Hansson Homleid was born on April 28, 1917 and grew up in a large family on the Homleid farm in Tørdal. Homleid lies in Østredalen, which winds over the heath and down to Fjågesund in Kviteseid. Tor's father, Hans T. Homleid, was a local fiddler, and his fiddle hung on the living room wall. There was great demand for the fiddle among the siblings, so Tor made himself a fiddle out of wood and made a bow from a twig in order to have an outlet for his desire to play. In the end, only Tor continued playing fiddle. When Tor was growing up there were still several older fiddle players in Tørdal.

He learned his first tunes from his father, Hans, and other older local fiddlers in Tørdal. His cousin, Martinius Jansen, who lived in in Drangedal, later became an important source of inspiration. Martinius was at his best and most active during the 1920s and '30s, which were the same years when Tor started playing fiddle, and it is likely that Martinius served as a role model for the young Tor. Tor identified Martinius as the source of several of his tunes, and Martinius probably inspired him to participate in kappleikar (folk music competitions).

A KAPPLEIK FIDDLER

It took a number of years before he ventured onto the kappleik stage. The first kappleik Tor participated in was held in Edland in 1950. Tor was very nervous; he had borrowed Gunnar Brødsjø's good fiddle, but he still came in last place in his class and said to himself afterwards that this would be his first and last time. But that was not how things went, and in as early as the following year he ventured out onto the stage again in Seljord. Tor enjoyed the kappleik milieu and participated in many competitions. Tor understood quite quickly that if he was to assert himself on the kappleik stage, he would have to strive to play the large Telemark tunes, and it seems that the 1950s and '60s was a period during which he developed a great deal and learned many tunes. During the '60s Kristiane Lund also stayed for a week at Homleid and taught tunes to Tor. He also visited Johannes Dahle in Tinn and Jens Amundsen in Bø, but he claimed that he never received any systematic instruction over time. He picked up tunes from gramophone records, from the radio program Folkemusikktimen, and not least by ear, when listening to all of the fiddlers he met and heard in the kappleik milieu. In addition to the aforementioned, Tor admired fiddlers such as Eilev Smedal, Eivind Mo, Gjermund Haugen, Anund Roheim, Bjarne Herrefoss, Hauk Buen, and the Løndal brothers. He had a great deal of respect for these fiddlers, and he picked up tunes after them. It could be argued that the kappleik milieu served as a fiddler's school for Tor.

During his first years of playing at kappleiks he placed a ways down on the result lists, but things went better towards the end of the '50s, and at a kappleik in Fyresdal in 1957 he was ranked in the first prize category. A breakthrough came at Landskappleiken (Norway's annual national folk music competition) in Voss in 1960, where he got first prize in the B class and qualified for the A class. From then on Tor was a frequent kappleik participant at local kappleiks in Telemark and Agder, as well as the occasional Landskappleik. He was a regular participant at the kappleik in Porsgrunn from its beginnings in 1961 and throughout most of the '70s and '80s. Tor was also among the first of those who were awarded Spelemannsprisen, in 1974. This was a prize established by the fiddlers' association Vårlengt to honour performers who had contributed loyally to the event Folkemusikkdagane i Porsgrunn for many years. Others who received the prize that year were Olav, Kjetil, and Einar Løndal; Hauk Buen, Bjarne Herrefoss, Olav Øyaland, Eilef Ellefsen, and Knut Ufs.

During the years when Tor was at his best there was cut-throat competition in the A class from the Løndal brothers, Hauk Buen, Jens Amundsen, Torbjørg Aas Gravalid, Bjarne Herrefoss, Odd Bakkerud, Otto Furholt, and others. Tor was always on the first prize list, if not all the way at the top, but at a kappleik in Tovdal in 1970 he placed first, and this was a delight for both audience, participants, and for Tor himself. Tor was also very active at kappleiks in Agder, more active than most Telemark fiddlers. Tor stood, and still stands, high in the favour of older fiddlers in Agder. He often got a ride to the kappleiks with his friend Kåre Solheim. He was a fiddler and a District Sherriff, born in Gjerstad in Aust-Agder, but he worked for the police in Drangedal, and later in Seljord. He was seldom a participant, but often served as a judge. At kappleiks Tor often took private lodgings with fiddler friends, and Tor had many of these throughout the country.

Starting in 1977 Tor participated in the D class (the competitive class for performers over the age of 60), and he won this class at Landskappleiken three times: in Kristiansand in 1980, Hamar in 1982, and Odda in 1984. In 1994 he also competed in dance for the first time at a kappleik and won the D class at Landskappleiken in Rauland. Tor was a good dancer, and when it came to dance he was more often seen on the dance floor than on the fiddler's chair. Tor himself said that he did not play much for dancing, and his playing also shows signs of this, it is calm and vivid, and is first and foremost music for listening. Nevertheless, when Tor played local repertoire and typical dance tunes, driving rhythm and dance tempo also emerged. This may indicate that Tor was a more active dance fiddler in his younger years. The last Landskappleiken he participated in was in Ål in 1997. By then Tor had participated in well over 100 kappleiks since 1950.

CONCERT PERFORMANCES AND TEACHING

Tor was less active as a concert performer, but in Telemark he performed at various local events, particularly in his home district. But in 1989 Tor and fiddler Bjarne Herrefoss accompanied 40 dancers from Gjerpen ungdomslag on tour in the US. They gave 14 concerts in two weeks, mainly in North Dakota. It was very warm, one day it was 41 degrees in the shade, but the two fiddling friends had been around the block before and made sure to have enough "refreshments". Tor could also be heard on the Folkemusikkhalvtimen radio program, and he was the featured performer on two programs. Tunes from these two broadcasts, one during the '60s and one during the '80s, are included on this album.

Tor was an active teacher in the committee for teaching and recruitment in Telemark, especially during the '70s. This was an educational program that had started before the arrival of culture schools offering Hardanger fiddle lessons. At that time Tor had several students in lower Telemark. Otherwise, both old and young fiddlers dropped by to learn tunes at Homleid.

FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Tor Homleid

EVERYDAY LIFE

In his daily life Tor was a farmer and a carpenter. He learned carpentry from his father. For farmers in Drangedal, the forest was an important part of one's income, and Tor spent many hours in the forest logging and hunting moose. He also did woodworking and participated in several courses. He was a very competent craftsman, and he played a large part in moving and reconstructing old log buildings at the open-air museum, Drangedal bygdetun. Tor was awarded Drangedal municipality's Culture Prize in 1979 for this work, and for his work as a folk musician.

Tor was married to Torgunn b. Øvretveit (1922-1983). They had four children: Helmer (b. 1942), Ingebjørg (1946-2017), Arvid (b. 1950), and Marit (b. 1960). Marit was the only one who took up fiddling, but she stopped playing when she started a family. Helmer, Arvid, and Marit are all good performers on diatonic button accordion.

In his older days Tor was active in Fossegrimen folkemusikklag, based in Langesund. Folk music enthusiasts from Grenland and lower Telemark met here. Leiv Neset was also active in this milieu, and Tor learned some tunes from him. Tor was also named an honorary member of Fossegrimen folkemusikklag.

FOTOGRAF: UKJENT UTLÅNT AV: DRANGEDAL HISTORIELAG

Bryllaup på Bergane i Tørdal. Jon Løite og Tor Bergane er spelemenn.

01. Fossegrimen, gangar 02:12
02. Kvenneslåtten, springar 03:10
03. Naparen, springar 02:12
04. Langåkeren, gangar 01:36
05. Ruske-Sara, springar 03:21
06. Fykerudgangar 02:14
07. Bylesoparen, springar 02:34
08. Fossheimen, gangar 01:34
09. Bægjuven, springar 01:51
10. Hovdestaden, gangar 02:11
11. Oterholtfossen, springar 01:57
12. Gregar Kåsins minne, springar 01:35
13. Sandsdalsgangaren 03:00
14. Bøheringen, springar 03:23
15. Gangar etter Myllarguten 02:16
16. Rakstejenta, springar 02:12
17. Stordalsnibba, springar 02:59
18. Traskjen, gangar 02:16
19. Falkeriset, springar 01:38
20. Frå morgon til kveld, springar 02:06
21. Jenta under Gaustafjell, gangar 01:34
22. Agerhusen, springar 02:01
23. Springar etter Hans Homleid 01:12
24. Bruremarsj frå Tørdal 02:05
25. Tor Homleids minne, springar av Tor Homleid 02:16
26. Huldrevalsen, av Tor Homleid 03:03
27. Lengt, vals av Tor Homleid 02:19
28. Jon Løites polka 01:21
29. Vals etter Jon Løite 01:14
30. Gamal polka 01:32
31. Vals 01:37
32. Reinlender 01:20
33. Polka 01:25
34. Homleidvalsen 01:27
35. Skotsk etter Halvor Reiersdalen 01:48
36. Polka etter Halvor Reiersdalen 01:22
37. Springarstubb frå Tørdal 01:31
38. Gamle Erik i Sjausetbakkane, gangar 01:03
39. Tor Homleid og Kjell Bitustøyl om «Gamle Erik i Sjausetbakkane» 00:49 (totaltid: 79:08)

ta:lik
TA183CD ©Talik 2018 info@talik.no **www.talik.no**

FOND FOR LYD OG BILDE
Kulturrådet

Redaktør og produsent: Gunn Sølvi Gausemel, NRK **Lydrestaurering og mastering:** Terje Hellem, NRK **Opptak:** NRKs folkemusikkarkiv, Folkemusikkarkivet i Telemark og private opptak ved Bjarne Bratås frå Norsk folkemusikksamling **Slåtteval og tekst:** Anders Lunden Herfoss **Framsidefoto:** Bjarne Bratås, utlånt av Folkemusikksenteret i Buskerud **Grafisk formgjeving:** Eva Karlsson **Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad **Økonomisk støtte:** Norsk kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans, Drangedal kommune, Drangedal historielag, Fossegrimen Folkemusikklag **Takk til:** Bjarne Bratås, Kjell Bitustøyl, Per Anders Buen Garnås, Harald B. Knutsen, Even Tråen, Rebecca Egeland, Gina Ingeborg Hagen, Eilert Kvernes, Drangedal historielag, Dag Straume, Hans-Hinirich Thedens, Kari Lønnestad, Sigbjørn Høidalen, Herman Gautefald, Nils Øyvind Bergset, Marit Omnes og resten av familien til Tor